

BLIR DU MED PÅ ÅRETS VIKTIGASTE DUGNAD? REIN SOGNEFJORD

TORSDAG
4. SEPTEMBER
2025



FRIVILLIG RYDDAR

Som frivillig ryddar treng du eigentleg ikkje å gjere så mykje meir enn å melde deg på ein dognad med eit ryddelag nær deg, og møte opp til avtalt tid.

Om du har lyst å rydde i ditt nærområde med ein eigen gjeng, t.d. familien eller nokre venner, så kan du melde deg på med eit eige lag og avtale henting av sekker og utstyr sjølv!



Hjelp oss i kampen mot plastforsøpling i havet!

Marin forsøpling er eit stort problem som går hardt utover livet i havet, og i neste rekke, livet på land. Difor arrangerer me ryddedugnad for heile Sognefjorden 4. september, og då treng me gode og kjekke frivillige ryddeleiarar og ryddarar! **Blir du med?**

LOKAL RYDDELEIAR

Som lokalryddeleiari er du ansvarsperson for eit ryddelag som folk kan melde seg på. Dine oppgåver inneber å finne ein stad i ditt lokalområde som treng rydding, hente hanskar og sekkar til laget ditt, avtale henting av boss med kommunekontakt, og å vere hyggeleg, hjelsam og generelt gjere ditt beste for å skape ei god oppleveling for dei som er med!

Du treng ingen erfaring som gruppeleiari, me gir deg gode råd og oppfølging sånn at du er trygg på kva du skal gjere!



Meir info på
www.framtidshavet.no

Kontakt oss på
post@framtidshavet.no